

Referat frå styremøte på Sødorp Gjestgivergård, 26. september kl. 10.00-15.00

Deltakarar: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg, Ellen M. Syse (frå kl. 13.00), Gro Arneng, Ola Hareland og Pål Kjorstad.

Sak 32/2018: Referatsaker

- Referat frå styremøte 22.05.2018, godkjent
- Møte i rovviltnemnda i Kvam 21.06.2018, Pål deltok med foredrag om "Fron Vest"
- Ekstraord. representantskapsmøte i NSG på Gardemoen 03.07.2018, Arnfinn deltok
- Møte om NM i saueklipping 07.08.2018 i Kvam, Pål deltok
- Møte i Naturbrukalliansen 17.08.2018 på Elverum, Pål deltok
- Møte i rovviltnemnda på Lillehammer 24.08.2018 m/innlegg i ope post, Arnfinn deltok
- Møte m/Mattilsynet i samband med beitetilsyn på Leirskogen 23.08.2018, Arnfinn deltok
- Møte i Ring 41 i Øyer 27.08.2018, Pål deltok angåande tilskot til avdelingane
- Møte angåande kriseberedskap i jordbruksrådet 17.09.2018 på Hamar, Arnfinn deltok
- Møte i Naturbrukalliansen 18.09.2018 på Elverum, Pål deltok
- Spelt inn til NSG om tørkesommaren:

Her er ei kort oppsummering frå Oppland om tørken:

Generelt: Det meste av fôr blir kjøpt som halm frå Hedmark/Trøndelag. I tillegg blir det vel satsa på kraftfôr/fiberrikt kraftfôr. Antatt bra lam dei fleste stader.

Valdres: 30-70% avling, mange har skaffa seg fôr, reduserer noe på soyetalet, frå appetittfôring til vanlig fôring, sleppe soyene att etter sanking.

Gudbrandsdalen: Dårleg fyrsteslått, ingen 2. slått - 25 -70% avling - med vatning 50-70% avling og solsida utan vatning 25-35% avling. Friska oppatt utmarksbeite og innmarksbeite/3. slåtten nå. Nokre utsett sankinga.

Hadeland: 1. slått 25-40% avling, må kjøpe fôr/redusere besetningar/avvikle. Utmarksbeite tatt seg oppatt etter nedbøren i seinare tid. Sanking 1-2 veker seinare enn normalt.

Toten: 30-40% avling av normalen på 1. slått, "2". slåtten kjem nå, seint men godt. Nokre kjøper fôr, noen reduserer, noen få slutter. Vansklig å si den heilt fulle statusen enda.

Biri/Gjøvik: Same her, opplyst at omkring 80% av produsentane må søke avlingsskadeerstatning. Redusere besetning m/10%, enkelt få vil slutte. Utsetter sankinga 1 vike. Tar med eit viktig punkt som mange har vært redd for: mangel på vatn i brønnane til vinteren. Usikre på om de får levert soyen tidleg for å spare fôr.

Forsøkt å svara på generelle spørsmål i Oppland:

Anslått fôrvelling i forhold til normalår? 40%

Er det store forskjellar innan fylket? Nei

Er det vanskelig å skaffe fôr? Ja, men halm har vært å oppdrive som omtala over. Lang frakt og en del arbeid.

Anslått del av småfehaldarane i fylket som må kjøpe inn fôr? 95%

Del av småfehaldarar som har mått starte med å slakte dyr? Ikkje mange

Vil det være behov for å starte slaktingen tidligare eller seinare enn de føregående årene? Behov for å slakte tidlig dei slaktemodne lam og utrangeringssøyter der dei vel å sanke i vanlig tid.

Kva er status for utmarksbeitene? Det har vore tørt, og mangel på nok vatn ein del stader, det har gått bra, og beitene har friskna mye oppatt nå.

Er det mange som vurderer å slutte med dyr pga. fôrmangel? Ja, det finnes nok ein del i Oppland, 50-100 stk., vi håpar på så få som mogleg

Forslag på tiltak som vil bli nødvendige for å komme gjennom vinteren? Mange må ty til ammoniakkbehandla halm, denne er det dårlig i smaken og må helst være det einaste grovfôret for at ikkje sauene skal rate for mye. Fôringsperiode med slikt før rådes til perioden jan-feb., litt mars og kanskje litt i starten om hausten, men her er det viktig og ikkje sleppe søyene ned i hald. Elles er det 60% fiberholdige kraftfôret diskutert og anbefalt.

Andre innspel? Det er litt tidleg å vite alt enda.

Informasjon fra styremøtet i dag: Tørkesommaren har skapt store utfordringar for mange gardbrukarar med å få skaffa seg nok vinterfôr. Det er nok også mange som av ulike grunnar vil redusera noko på besetningane sine. Det innkjøpte føret er for det meste ammoniakkbehandla halm frå Hedmark/Trøndelag, medan nokre også har fått tak i grasrundballar frå nære og fjerne strok. Vi hører om prisar rundt kr. 1500,- pr. ball, og da er det også ei påminning om at dette vert ei stor økonomisk utfordring for mange både nå, og framover. Vi er svært fornøgd med kommunar som gjev tilskot til innkjøp av fôr og tilskot til vatning og ønskjer at fleire kommunar gjer dette.

Sak 33/2018: Sak frå Fåvang Sau og Geit

”Fåvang Sau & Geit behandlet følgende sak på styremøte 24. august, og vi fremmer følgende sak inn til OSG: Fåvang Sau & Geit kommer med innspill til styret i OSG som vi ber blir diskutert, behandlet og at det bringes videre inn i organisasjonen. «Lokallagene i Sau & Geit er selve ryggraden i saumiljøet i Norge, og for engasjement, demokrati og videre utvikling av hele NSG er det viktig med godt drevne lokallag. Oppland tildelte som kjent ut pris til årets lokallag under årsmøte i mars, hvor nettopp vi vant. En pris vi satte stor pris, som har vært motiverende for å opprettholde og videreutvikle våre aktiviteter som kommer våre medlemmer til gode. Vi savner et opplegg som sier hva som forventes av oss som lokallag, retningslinjer, opplæring av tillitsvalgte, forslag til aktivitetar mm om drift og styring av lokallagene. Dette bør være tema på regionmøter, årsmøte/seminar mm. Det gjør at konkurransen om årets lokallag blir kanskje mere spennende, motiverende og engasjerende for alle parter. En annen gevinst er økt engasjerende medlemsmasse i organisasjonen som igjen vil styrke NSG som organisasjon».

Reaksjon frå Nordre Land: Bra! Kva er det MINSTE du kan/bør gjera i eit lokallag?

Styret i OSG diskuterte saka og nemnte 4 punkt som interessante: Forventingar til lokallag, Retningsliner for arbeidet i lokallag, Forslag til aktivitetar i lokallaga og Kurs for nye tillitsvalde.

Styret vedtok at denne saka skal bringas inn for representantskapet i NSG, og dette er det da Ellen som skal presentera, jmf. sak 42 punkt b/2018 under, der Arnfinn overlet plassen på representantskapsmøte til Ellen.

Innspelet vart slik: Styret i Oppland Sau og geit (OSG) har fått innspel gjeldande forventningar og krav til lokallaga. Det vert etterlyst opplegg som seier kva som vert forventa av eit lokallag, utover det lagslovene slår fast. Det ønskes klare retningsliner for drift og styring av lokallaga, samt opplæring av tillitsvalde og forslag til aktivitetar i laga. Aktive, engasjerte og godt drivne lokallag er heilt vesentleg for vidare utvikling av heile NSG. OSG har i fleire år jobba med å stimulere til større aktivitet i lokallaga. Mellom anna vart det i 2017 oppretta ein pris for beste lokallag i fylket. Av kriteria som vert vektlagt, er deltaking på ulike møte, eigne arrangement, innspele og rapporteringar og informasjonsarbeid viktige. Døme på arrangement og aktivitetar kan vere fagkveldar, «Sauens dag» i samband med kåring, gjetarhundoppvisning mm. Eit moment OSG meiner er viktig, er at aktivitetane i tillegg til å styrke småfamiljøet internt og kan vere med å skape godt omdømme og engasjement elles i lokalsamfunnet. OSG ber styret i NSG sette i gang eit arbeid med å få på plass/i gang att eit opplegg knytt til kursing av tillitsvalde. I eit slikt kursopplegg bør det vere klare retningsliner for kva som vert forventa av eit lokallag/lokallagsstyre og fylkeslag/fylkeslagsstyre; samt forslag til aktivitetar lokallaga kan gjennomføre.

Sak 34/2018: Rovvilstsaker

- Status beitesesongen 2018: Sjølve beitesesongen har vore roleg i forhold til store rovvilstsaker i Oppland. Men sjølv sagt er det tap til alle artane i sommar også, og lokalt er det sikkert nokre også med store tap, da helst til jerv. Beitesesongen har på produksjonssida vore prega av mange store og fine lam, i tillegg er det berre 3 besetningar i Oppland som er pålagt nedföring i 2018.
- Prosjekt Fron Vest – førebels status: Prosjektet har gått på vestsida på Fron med hovudvekt i Kvam Vestside Beitelag m/400 radiobjøller på lam og i Børkdalsfjellet Beitelag med planlagt kadaverhundsøk 2 gonger i veka i heile beitesesongen. I Kvam er det funne og dokumentert 1 skade etter jerv, 1 skade etter gaupe, 4 skader etter kongeørn og fleire døde med ukjent dødsårsak. Diverre vart prosjektet her veldig prega av at radiobjøllene gjekk strømtome etter feil i skifting frå firmware 32 til 37. I Børkdalsfjellet Beitelag vart det funne mange kadaverfunn frå året før, og nokre få i år utan at det vart noko dokumentert til rovvilt.
- Naturbruksalliansen, status: Her er vi veldig fornøgde med at alliansen fekk tilsett Anne Delphin som sekretær. NSG sentralt står for kostnaden, Pål er medlem av arbeidsutvalet og Arnfinn er innkalla frå OSG på vanlege møter. Alliansen var arrangør av rovviltseminar i Elverum 18.09.2018 med fullt hus.
- Aktuelt om dagens situasjon og strategiar framover. Strategien framover er å halda den gode dialogen med rovviltnemnda og faglaga i Oppland. For gaupe må det bli viktig å spre gaupa i sona, og ta den ut utanfor. Jerven må som planen var fordelas utover i sona, slik at byrdefordelinga i sona vert jevn. Det er ein trend at nokre område får støyten år etter år. Vi må også halda fram arbeidet med beredskapsplaner rundt omkring i fylket.

Sak 35/2018: Geitesaker

Gro Arneng orienterte:

Litt endring av instruksen til Fagråd for geit:

Generelt:

”Styret skal fremje saker for råda, eller råda kan sjølv ta initiativ til saker innanfor budsjettmessige godkjende rammer. Oppgåvene skal generelt gå ut på å vurdere alternativ og gje faglege og grunngjevne råd til styret og administrasjonen innafor råda sine

kompetanseområde, og verkesetje og gjennomføre arrangement, som er tillagde råda i regi av NSG. Ved avstemming i råda har leiaren dobbeltstemme ved likt stemmetal.”

Sjølve instruksen:

”Fagrådet for geit skal gje råd til styret og initiere faglege spørsmål innan avl, avlsmetodar og fagleg utvikling på geit.

Fagrådet for geit har 6 medlemer; 4 frå NSG, med 2 vara i nummerrekkefølge der styret i NSG oppnemner leiar og nestleiar, I frå TINE med personleg vara og I frå IHA/NMBU med personleg vara.”

Geitebesetningane i Oppland har den same utfordringa som andre med tørken. Rådet er å gå ned på antall geiter, tidlegare paring og fylla kvota likevel.

Fagsamling for Buskerud, Hedmark og Oppland i regi av Tine, der utfordringa med det nye systemet med telling av celletal vart teke opp. Celletalet aukar diverre i beiteperioda og i samband med brunst. Dette i beiteperioda er svært utfordrande med at geiteprodukt er eit symbol på utmarksbeitebruk.

Det er i gangsett eit 2-årig prosjekt med jurvurdering, med fokus på marispener om dette skal telja med. Her vil ein få hjelp til sjølv å gjera jurvurderinga på geit for å finna dei gode geitene med dei rette genene.

Sak 36/2018: Saker frå Ring 41/avlsutvalget

Anne Kari orienterte:

Litt endring av instruksen for avlsrådet for sau:

Til slutt i instruksen skal det stå: ”*Ved val av regionrepresentantar m/vara har quart av fylkeslaga like mange stemmer som dei hadde hadde ved siste årsmøte i NSG.*”

Det var dommersamling i Gausdal hos Berit og Peter Arne Kaltoft. Kåringane i Oppland er i gang, og det ser ut til å gå greit. Nettsida på nsg.no/oppland er ikkje oppdatert på avl. Pål har ikkje lenger tilgang på data i avdelingane, og får ikkje inn oppdateringar lett vindt. Salet av verar skal som i fjor gå via avdelingsleiarane, og prisen er anbefalt å vera minimum grunnpris. Det er er omtrent same medlemstalet i ringane som før, der 3-4 går ut og tilsvarande antall inn.

Sak 37/2018: Gjetarhundsaker

Anne Kari orienterer

Forslag frå styret i NSG om ny instruks til gjetarhundrådet ble orientert om munnleg av Pål. Landsprøve vert arrangert på Lesja i helga som kjem og distriktsprøve og fylkesmeisterskap vert arrangert same stad 6.- og 7. oktober.

Klubbkampen vert arrangert på Vestre Toten 28. oktober. Elles er det mykje god og positiv aktivitet i gjetarhundmiljøet i Oppland for tida.

Sak 38/2018: NM i saueklipping og ullhåndtering 2018

Oversikt over sponsorar pr. nå i NM:

Sponsorar 2018	Beløp	mva	Sum
Ds ID	kr 5 000,00	kr 1 250,00	kr 6 250,00
Oppland Bonde- og småbrukarlag	kr 5 000,00	kr -	kr 5 000,00
Norges Bondelag	kr 5 000,00	kr -	kr 5 000,00
Brekkom Fellesdrift	kr 1 000,00	kr -	kr 1 000,00
Ringebu Kommune	kr 15 000,00	kr -	kr 15 000,00
Nord-Fron Kommune	kr 15 000,00	kr -	kr 15 000,00
Sør-Fron Kommune	kr 15 000,00	kr -	kr 15 000,00
Akershus Traktor	kr 2 500,00	kr 625,00	kr 3 125,00
Strand Unikorn	kr 6 000,00	kr 1 500,00	kr 7 500,00
Norgesfor AS	kr 2 000,00	kr 500,00	kr 2 500,00
Vinstra Bruk AS	kr 2 000,00	kr 500,00	kr 2 500,00
Oppland Sau og Geit	kr 25 000,00	kr -	kr 25 000,00
Norsk Sau og Geit	kr 75 000,00	kr -	kr 75 000,00
Felleskjøpet Agri SA	kr 20 000,00	kr 5 000,00	kr 25 000,00
Nortura SA	kr 20 000,00	kr 5 000,00	kr 25 000,00
Furuseth AS	kr 20 000,00	kr 5 000,00	kr 25 000,00
Fatland AS	kr 10 000,00	kr 2 500,00	kr 12 500,00
Norilia	kr 25 000,00	kr 6 250,00	kr 31 250,00
Norsk Naturgjødsel	kr 5 000,00	kr -	kr 5 000,00
Fron Traktorservice	kr 6 000,00	kr 1 500,00	kr 7 500,00
Tungen Bil	kr 2 500,00	kr 625,00	kr 3 125,00
Gausdal Landhandleri	kr 2 500,00	kr 625,00	kr 3 125,00
Eksenteret, Vinstra	kr 2 500,00	kr 625,00	kr 3 125,00
Fåvang Bondelag	kr 1 000,00		kr 1 000,00
Nord-Fron Bondelag	kr 1 000,00		kr 1 000,00
Sør-Fron Bondelag	kr 2 000,00		kr 2 000,00
Findmy	kr 5 000,00	kr 1 250,00	kr 6 250,00
Weikle AS	kr 3 000,00	kr 750,00	kr 3 750,00
Vestsida Beitelag, Fåvang	kr 1 000,00		kr 1 000,00
Fåvang Gjeterlag	kr 1 000,00		kr 1 000,00
AK-maskiner	kr 2 500,00	kr 625,00	kr 3 125,00
Fjøssystemer AS	kr 10 000,00	kr 2 500,00	kr 12 500,00
Summer	kr 313 500,00	kr 36 625,00	kr 350 125,00

Golv frå Fjøssystemer vert gjeve vederlagsfritt til arrangementet m/klausul om framtidig bruk.

Grinder frå Knarrhult: Tilbud frå Ole Johan Bjørge om kjøp av grinder.

Klippefront m/4 klippeplasser og dører vert gjeve av Stenumgård Bygg m/klausul om framtidig bruk. Scene vert leigd vederlagsfritt av Nord- og Sør-Fron kommune.

Budsjett pr. nå i NM:

Budsjett 2018	
Inntekter	2018
Annonser	62 500
Sponsorer	117 500
Sponsing fra NSG	75 000
Sponsing fra OSG	25 000
Andre, FTS, Findmy, lokale lag	10 000
Kiosksalg	5 000
Deltageravgift	38 000
Retursalg Sinclair	2 500
Retursalg singletter	6 500
Retursalg grinder	55 000
Renteinntekter	0
Sum inntekter	396 000
Utgifter	2018
T.skjorter til mannskap	22 500
Sekretariat Rogaland	42 000
Premier	49 500
Singletter	13 500
Hall-leie	25 000
Grinder	55000
Forklipping av sau	0
Program	7 500
Godtgj. Regnskap	7 500
Dømming	12 000
Arbeidsgiveravgift	2 000
Markedføring m.m.	7 500
Servering og styremøter	60 000
Overnatting	30 000
Reiseutgifter	33 000
Forsikring	0
Andre utgifter, scene, trykk etc.	20000
Sum utgifter	386 000
Aydelingsresultat	10 000

NM-komiteen har ei stor utfordring økonomisk sett, men det arbeidas jevnt for å koma i land utan underskot. Det ble spelt inn frå NM-komiteen om Oppland Sau og Geit kunne kjøpe inn grindene og gje ein symbolsk pris for golvet/klippefronten, slik at dette kunne lagrast og nyttast i seinare arrangement. Vedtak: Styret i Oppland Sau og Geit såg seg ikkje i stand til å bruka så mange pengar på dette.

Sak 39/2018: Oppland Radiobjøllelag

Pål orienterte:

Laget har nå 3964 aktive radiobjøller frå Telespor, 2554 grå og 1410 oransje, og 1035 aktive Findmy-enheter. Vi går mot eit underskot i 2018, da vi måtte kjøpe inn alle enhetene som ikkje virka i staden for å få nye på reklamasjon. Vi går inn for å søkja rovviltnemnda om ledige midlar frå FKT-potten i Oppland denne hausten også.

Sak 40/2018: Prioriterte arbeidsoppgåver 2018

Styret gjekk i gjennom oppgåvene, som vart vedteke på årsmøtet, og bestemte kva vi skulle gjera framover i haust i forhold til desse. Oppgåvene vi har gjennomført fult ut er understreka.

- Innspill til jordbruksforhandlingene 2018
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til god kontakt/samarbeid med NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål >1250 medlemmer i 2018
- Oppdatering av hjemmesida, inkludert rovviltartikkelen
- Søke FKT-midler, midler fra «Tilskudd til tiltak i beiteområder» og andre midler til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Videreføre engasjementet i rovviltarbeidet
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan med saker fra Ring 41, geit og OGL
- Planlegge kontaktmøter/regionmøter i 2018/19 og seminar/årsmøte i februar 2018
- Arbeida med utfordringer til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder
- Arbeida med mere faglige småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyrehaldsrelaterte områder
- Beholde generaldebatt på neste årsmøte ned varighet mellom 1 og 1 1/2 time
- Drøfte og utrede fylkessammenslåinga med Hedmark Sau og Geit
- Arrangere NM i saueklipping og ullhåndtering hvis styret finner det mulig

Vedtak:

- Medlemsverving:

Styret vil sjekka medlemmene som ikkje har betalt og ringer lokallagsleiarane etter denne planen:

Gro: Valdres og Nordre Land

Bjørn Even: Hadeland, Toten, Vardal, Snertingdal, Søndre Land og Biri

Arnfinn: Fåberg, Øyer/Tretten, og Gausdal

Anne Kari: Ringebu til Sel

Ola: Dovre og Lesja

Ellen: Heidal og Ottadalen

- Drøfte og utrede fylkessammenslåinga med Hedmark Sau og Geit

Arnfinn tek kontakt med leder i HSG

- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder

Prosjektet Ung i Valdres er i gang, og har hatt frå 5-12 deltagarar på ulike tiltak, som har vore/har som mål å vera: Arbeid med gjetarhund, avløserkurs, vera med i sanking, traktorkjøring og klipping av sau. Dette bør det arbeidas med på fleire stader i fylket.

- Arbeida med utfordringer til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark

Det må setjast i gang kurs/møter om dette og der må det inviteras beitebrukere, jordskiftedommere/advokater, grunneigarar og andre interesser. Eit døme/område som det kan startas med er Kvam øst der konflikta er stor da både beiterett, beitedyr, gjerding, hyttefelt og jakt er kraftig diskutert.

Sak 41/2018: Årsmøte og seminar saman med Buskerud Sau og Geit 2019

Dette må takast opp på neste styremøte i samarbeid med Buskerud Sau og Geit. Møtet er bestemt til onsdag 14/11 kl. 11.00 på Storefjell, der årsmøtet er planlagt.

Styret i OSG meiner at desse tema kan vera interessante på seminaret:

- Generaldebatt inkludert svar fra leiar/styret
- Gjerding/Beiterett
- Ungt gardbrukarpar/generasjonsskifte
- Avlstema, fredag

Sak 42/2018: Eventuelt

- a) Nordre Land spilte inn følgjande spørsmål til styret:

Ein del sau/lam blir kjørt ihel i løpet av en sesong, og folk bare stikker av dverre. Korleis kan vi i Oppland/Norge opplyse folk om at du faktisk kan være ærleg på at du har hatt eit uhell og kan få reint samvit. Det finns jo eit fond gjennom forsikringsselskapa som dekker alt, og det er utan bonustap og eigenandel!!

Det same gjelder informasjon om bandtvang som er eit problem over heile landet!! Må vel kunne gå an saman med Bondelag og Småbrukarlag å lage en kampanje i aviser og liknande om at dyr lider, faktisk ligg skada til dei dør grunna at deira eigne snille/flinke hunder skader dei ved å få løpa fritt. Men sjølv om dei ikkje ser beitedyr er det og fugl, rådyr og mange andre det også går ut over. Og sist, men kanskje like viktig, ikkje alle liker hundar!! Veit om mange barn heilt opp i 15-16 års alderen som stivnar heilt til da ein framand hund kjem løypande mot dei på turstigar og liknande!

Vedtak/info:

Bilforsikringa dekker tap til påkjørsler, så her handlar det om at bilførar kjenner til dette og ikkje minst at bilfører meldar frå og vedkjenner seg slike tilfelle.

Info om bandtvang, påkjøring, gjerder finns under emnet beiterett på nsg.no, der det finns nyttige linker, bl.a. emnet "hundibånd".

- b) Arnfinn orientert frå det lukka representantskapsmøte 03.07.2018 i NSG. Han var ikkje einig i måten NSG har handtert saka på og reiste frå rep-møtet nokså frustrert. Han meinat at NSG hadde hatt fleire alternative måtar å takla dette på, leiinga og styret burde vore meire tydeleg, artiklane i media burde vore unngått, saka vart advokat-mat da ordet "bekymringsmelding" kom opp, ueinig og kritisk til ordfører i rep. skapet, hadde sjølv tenkt å melda seg ut, stiller ikkje på neste representantskapsmøte og stillar ikkje til valg i OSG på neste årsmøte.

Vinstra, 26.september 2018.

Pål Kjorstad